

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

S Æ R U T S K R I F T

av møteboka for Sykkylven kontrollutval i møte 28.05.2018.

Av 5 medlem var 5 til stades.

Sak 11/18 - Tilskotsforvaltning av midlar til breiband og anskaffingar av breiband i Sykkylven kommune.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 23.05.2018

Roger Welle bad om å få vurdert habiliteten sin og fråtrede møtet. Dette var knytt til arbeids og- eigarforholdet hans i PC Support i Sykkylven. Kontrollutvalet kjende han innhabil og vararepresentant Sigmund Valbø tiltrede møtet.

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet:

uttale :

Kontrollutvalet viser til feil som kjem fram i rapporten om tilskotsforvaltning og offentlege innkjøp. Kontrollutvalet viser også til presisering i revisjonsmeldinga for 2017 om manglande anbod på offentlege innkjøp.

Kontrollutvalet vil presisere at innkjøpsregelverket skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar og bidra til at det offentlege opptre med integritet slik at innbyggjarane/skattebetalarane har tillit til at offentleg innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte, ivaretek omsynet til konkurranse og arbeidslivskriminalitet, miljø, klima og sosiale forhold. Likebehandling, vere føreseieleg og etterprøvbar er viktig.

Det er viktig at innbyggerane har tillit til Sykkylven kommune på dei områda som er omfatta av rapporten. Rådmannen har ei oppgåve i å bygge opp rutinar og prosedyrar som skal sikre ei betre forvaltning og bygge tillit.

Med utgangspunkt i ovanstående legg kontrollutvalet fram for kommunestyret følgjande

innstilling:

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalet sin uttale.

Leiar Rolf Bergmann fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande alternative forslag til ny setning i 2. avsnitt i uttalelsen:

Rådmannen har eit ansvar i straks å gjennomgå rutinar og prosedyrar slik at ein sikrar forsvarleg forvaltning og byggjer tillit.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Rådmannen har eit ansvar i straks å gjennomgå rutinar og prosedyrar slik at ein sikrar forsvarleg forvaltning og byggjer tillit.

Kontrollutvalets samrøystes uttale til kommunestyret:

Kontrollutvalet viser til feil som kjem fram i rapporten om tilskotsforvaltning og offentlege innkjøp. Kontrollutvalet viser også til presisering i revisjonsmeldinga for 2017 om manglande anbod på offentlege innkjøp.

Kontrollutvalet vil presisere at innkjøpsregelverket skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar og bidra til at det offentlege opptre med integritet slik at innbyggerane/skattebetalarane har tillit til at offentleg innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte, ivaretek omsynet til konkurranse og arbeidslivskriminalitet, miljø, klima og sosiale forhold. Likebehandling, vere føreseieleg og etterprøvbar er viktig.

Det er viktig at innbyggerane har tillit til Sykkylven kommune på dei områda som er omfatta av rapporten. Rådmannen har eit ansvar i straks å gjennomgå rutinar og prosedyrar slik at ein sikrar forsvarleg forvaltning og byggjer tillit.

Med utgangspunkt i ovanstående legg kontrollutvalet fram for kommunestyret følgjande

innstilling:

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalet sin uttale.

Rolf Bergmann	Ståle Eikrem	Karen Elise Matheson	Grete Melseth	Sigmund Valbø
leiar	nestleiar	medlem	varamedlem	varamedlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)